



Sauda kommune

Årsplan SFO

2026 – 2027

«Me løftar saman for å skapa læring, opplevingar og relasjonar for livet.»

Innhald

1. Forord – Velkomen til SFO
2. Styrande lovverk og vedtekter
3. Vår visjon og målsetjing
4. Fokusområde 2025–2027
5. Kvalitetsutvikling
6. Samarbeid og annan informasjon
7. Risvoll SFO
8. Fløgstad SFO
9. Austarheim SFO
10. Vår verktøykasse og verdier for praksis
11. Lenker til ulike nettsider



Forord

Me ønskjer alle barn og føresette velkomne til eit nytt SFO-år!

Sauda skulefritidsordning er eit tilbod for alle elevar på 1.–4. trinn og for elevar med særskilde behov frå 5.–7. trinn. Med utgangspunkt i rammeplanen for SFO skal me leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Me gir omsorg og tilsyn.



Barna skal oppleva at det er fritid på SFO, og dei skal oppmuntrast og få moglegheit til å forma sin eigen kvardag. Det skal vera ein trygg og god stad å vera for alle – ein stad der me har omsorg for kvarandre, der ein trivst, har positive relasjonar og vener. Det handlar om å bli sett, høyrd, møtt, forstått og om å vera ein del av eit inkluderande fellesskap.

Skulefritidsordninga inngår som ein del av skulen si verksemd. Barna skal oppleva samanheng og heilskap i sin kvardag. Skulen og

SFO møter barna med same verdi- og menneskesyn, men òg med det same synet på læring.

SFO-ordningane har vekeplan, månadsbrev og årshjul/årsplan for å skapa forutsigbarheit og tryggleik for både barn, foreldre og personal.

Planen si funksjon og hensikt

Årsplanen er eit styringsreiskap og ei utdjuping av innhaldet i SFO ut frå føresegnene i opplæringslova. Han gjeld for alle SFO-ordningane i Sauda kommune og er retta mot skuleeigar, rektorar, SFO-leiar, koordinator og dei tilsette i SFO. Planen gir nyttig informasjon for føresette og er eit grunnlag for planlegging i den enkelte SFO

SFO sitt kjenneteikn:

«Saman i leik, læring og vennskap»

Barndommen har eigenverdi gjennom leik, læring og vennskap. Leiken er svært viktig for utvikling og trivsel, og er ein god arena for sosial læring og utvikling. Leik er prioritert i planane våre, både tilrettelagd og frileik.

Alle barn på SFO skal oppleva at dei har ei meningsfull fritid og leik. Me skal ivareta barndommen sin eigenverdi gjennom å gi tryggleik, omsorg, trivsel, mangfald, inkludering, skaparglede, engasjement, utforskartrøng, demokrati og fellesskap.

“ SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til ”
— FRA RAMMEPLANEN FOR SFO, KAP 4

SFO skal og arbeide aktivt for at likestillings- og diskrimineringslova §19 blir følgt.

Kontaktinformasjon

- **Austarheim SFO:** 91546428 (1. trinn) og 48040629
- **Fløgstad SFO:** 94822943 (1. trinn) og 40434774
- **Risvoll SFO:** 90756542

Avdelingsleiar, Silje Amdal: 48867792

silje.amdal@sauda.kommune.no

SFO sine opningstider:

Morgon SFO: 07.30 – 08.00

Måndag – torsdag: 13.00- 15.30/ fredag 13.00-15.00

I feriane er SFO opent 08.00 – 15.30 (*eigen påmelding*)

Styrende lovverk og vedtekter

Skulefritidsordninga i Sauda kommune blir driven etter desse lovene og retningslinjene:

- Opplæringslova § 4-5
- Rammeplan for SFO
- Barnekonvensjonen
- Vedtekter, lokale forskrifter og planar for skulefritidsordninga i Sauda kommune

Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med § 13-7 i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

Ifølgje vedtektene i Sauda kommune er skulefritidsordninga eit omsorgs- og tilsynstilbod for elevar på 1.–4. trinn, og for barn med særskilde behov på 1.–7. trinn.

SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Barn med særskilde behov skal få gode utviklingsvilkår. Areal, både inne og ute, skal vera eigna for føremålet.



Opplæringslova § 12-2

I § 12-2 i opplæringslova står det at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring. Dette inneber at skulen må sørgja for både eit fysisk og eit psykososialt miljø som er trygt. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkande åtferd som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulefritidsordninga, barnas fritid på skulen, skal så langt som mogleg ta utgangspunkt i barna sine egne ynskje og behov, og tilretteleggast i samsvar med dette. Barnekonvensjonen artikkel 12 gir barnet rett til å seia si meining og bli høyrd. Artikkel 12 skal fremja barnets beste, og barnets beste skal normalt ikkje avgrensa retten til å bli høyrd (Udir.no).

Rammeplanen for SFO presiserer regelverket og kva som er verdigrunnlaget for SFO, og han

skildrar innhald og arbeidsmåtar i SFO. Kommunen må bruka planen for å oppfylle plikta si etter opplæringslova § 13-7, men planen opnar for lokale variasjonar og satsingar. Rammeplanen blir realisert gjennom planlegging og evaluering. Han gir grunnlag for refleksjon og moglegheit til å arbeida langsiktig og systematisk for å utvikla verksemda.

Felles ordensreglement for grunnskulen i Sauda kommune gjeld. Det skal tilstrebast heilskap og samanheng mellom skuledelen og fritidsordninga.

Denne årsplanen definerer fire fokusområde, overordna mål og visjon som blir vurderte som viktige for kvalitetsutviklinga, og som kjem fram i den daglege praksisen i SFO. Me skal ha tydelege, grensesetjande vaksne som er konsekvente, omsorgsfulle og tilretteleggjarar for allsidig aktivitet ut frå planens fokusområde.

Leiing

Avdelingsleiar for SFO har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret, og den daglege leiinga av SFO i samarbeid med SFO-koordinator. Rektor har det overordna ansvaret for SFO, det økonomiske ansvaret og – saman med skulens leiing – ansvar for å leggja til rette for samarbeid og samhandling mellom skule og SFO.

SFO følger oppvekst og kultur sin felles overordna visjon;

Me løftar saman for å skape læring, opplevingar og relasjonar for livet.

SFO sin overordna målsetting;

SFO skal vera en trygg og god plass der barnas ønskjer, og behov blir tekne vare på. Alle skal bli sett, tolt og høyre til.

SFO følger desse retningane gjennom innhald og aktivitetar, og gjennom måten me møter barn, foreldre og medarbeidarar på. Dei fungerer som ei rettesnor for avgjerder, handlingar og gir oss eit langsiktig mål og retning for framtida. Barnas stemme er teken med i etableringa av målsettinga.

Me legg vekt på verdiar som respekt, likeverd, medverknad og toleranse, gjennom å skapa eit fellesskap prega av omsorg, anerkjenning, inkludering, rausheit, humor og glede. Gjennom ei heilskapleg tilnærming som tek omsyn til læring, opplevingar og relasjonar, skal me bidra til å forma barna si utvikling på ein positiv måte og gje dei verdifulle opplevingar for livet.



I SFO er me opptekne av å skapa forståing for kor viktig gode prosessar er, og å ha motivasjon til å arbeida mot same mål. I leik og aktivitet skal det leggst til rette for respektfullt samspel mellom barn, og mellom barn og vaksne. Å ha fokus på dette samspelet vil vera eit viktig område for kvalitetsarbeidet. I dette møtet har SFO i Sauda forventningar til både barna, føresette og dei tilsette.

SFO sine forventningar til barna:

- Visa medelevane og dei vaksne respekt.
- Kjenna til og følgja skulen sine reglar og ordensreglar, òg reglar ved bruk av digitale einingar.

SFO sine forventningar til føresette:

- Bidra til eit godt samarbeid.
- Melda direkte til SFO dersom ein er misnøgd med noko.
- Gi den informasjonen om barnet som me har behov for å vita.
- Gi beskjed til SFO og skule dersom barnet ikkje kan komma grunna sjukdom eller anna.
- Respektera opningstider og henta/levera i samsvar med plass.
- Hjelpa barnet å halda orden i garderoben, merka klede og passa på at barna har klede etter årstida.
- Svare på påmeldingar innan fristane.

SFO sine forventningar til medarbeidarar:


- Skapa gode relasjonar, eit inkluderande miljø og fellesskap.
- Er autoritative vaksne.
- Møter alle på SFO/skulen med respekt.
- Har ein god delingskultur mellom skulefritidsordningane.

Fokusområde 2025-2027

Den viktigaste faktoren for kvalitet i SFO er dei tilsette. Det handlar om at dei vaksne må ha kunnskap om barn sine behov og utvikling, vera autoritative vaksne og kunna skapa gode relasjonar til barn – og mellom barn. Dei vaksne må balansera barn sitt behov for tryggleik med behovet for utfordringar, lek og læring.

Leiken står sentralt i SFO, og dei tilsette må ha kunnskap og evne til å bidra til at barn sin lek får gode vilkår i SFO. Barna skal innanfor desse fokusområda ha gode vilkår for å medverka. Satsingsområdet i rammeplanen er «**Vennskap, lek og læring i det 21. hundreåret**», som òg er vårt kjenneteikn i SFO. Fokusområda er verkemiddel som byggjer opp under dei tre bærebjelkane; vennskap, lek og læring. Dei er òg baserte på rammeplanen sine grunnleggjande verdiar og innhald i SFO, og skal prega innhaldet og arbeidsmåtene våre. Desse overordna nasjonale rammene og sentrale områda dannar vidare grunnlag for Sauda kommune sitt arbeid knytt til SFO. Me arbeider med fokusområda i to årsperiodar.

Alle skulefritidsordningane er forplikta til å arbeida etter desse fire fokusområda i 2025–2027:





Fokusområde 1: SFO som arena for leik

Mål: Me skal leggja til rette for at barna har tid og rom til variert frileik og organisert leik både ute og inne.

Vår SFO som arena for dette:

Leiken har eigenverdi og er ein god arena for utvikling av vennskap, fellesskap og samspel. Leik stimulerer kreativiteten, fantasien, innlevingssevna og kommunikasjonen, samt evna til problemløysing og samarbeid. Å leggja til rette for frileiken meiner me er viktig for å skapa inkludering og gje barna moglegheit til å uttrykkja opplevingar, erfaringar og kjensler.

På våre skulefritidsordningar skal barn møta eit leikemiljø som er tilpassa interesser, alder og føresetnader. Me legg til rette for både frileik og organisert leik, og barna skal få tid og rom til å leika. Gjennom leiken skal dei oppleve at deira leikekompetanse og erfaringar har verdi, og dei skal få leika uforstyrra utan innblanding. Dei vaksne skal gje støtte, motivasjon og rettleiing ved behov. Personalet observerer, vurderer og grip inn når situasjonen tilseier det.

Suksessfaktorar:

- Personalet har kompetanse på leik og ulike leikformer.
- SFO legg til rette for variert frileik og organisert leik både ute og inne.
- Personalet rettleier, motiverer og inspirerer slik at alle kan vera med i leiken.
- Personalet legg til rette for læring gjennom leik.



Fokusområde 2: Mat og måltidsglede



Mål:

Me skal leggja til rette for at måltida i SFO gir barna gode opplevingar, fellesskap og matglede.

Vår SFO som arena for dette:

Måltidet skal vera meir enn berre mat – det er ein viktig del av dagen der barna får tid til ro, samtale og fellesskap. Rammeplanen seier at SFO skal bidra til at barna opplever matglede, og at måltida skal fremja god helse og gje rom for trivsel og sosial deltaking. Ved å skapa trygge og inkluderande rammer rundt måltidet, legg me til rette for gode relasjonar, samtalar og samspel mellom barna – og mellom barn og vaksne.

Me legg vekt på at måltida er prega av fellesskap, god stemning og barn si medverknad. Måltidet gir òg ei moglegheit til å arbeida med sjølvstende og ansvar, til dømes gjennom borddekking, rydding og samtalar om mat og berekraft. Me er medvitne om at måltida er ein arena for læring og sosial utvikling, og at dei vaksne skal vera gode rollemodellar gjennom å delta aktivt og engasjert saman med barna. Alle SFO-ane er medlem av Matjungelen.

Suksessfaktorar:

- Personalet skaper gode rammer for fellesskap og trivsel rundt måltidet.
- SFO legg til rette for barn si medverknad i måltidssituasjonar.
- Personalet deltek aktivt og skaper gode samtalar under måltidet.
- Personalet brukar måltidet som ein arena for læring og utvikling.
- Måltidet er prega av matglede, respekt og nysgjerrigheit for mat og matvanar.



Fokusområde 3: Omsorg og tryggleik

Mål:

Alle barn skal oppleve tryggleik, omsorg og trivsel i samspel med barn og vaksne på SFO.

Vår SFO som arena for dette:

Alle barn har behov for å bli møtte med omsorg for å oppleve tryggleik og trivsel. Når barn opplever tryggleik, vil dette kunne bidra til at dei lettare tek del i nye utfordringar – både åleine og saman med andre.

Gjennom å visa omsorg for alle barn i SFO vil me anerkjenna barnet sine behov og gje støtte når det er nødvendig. For å visa omsorg må me lytta, visa respekt, vera tydelege og trygge, slik at alle føler seg sett og verdsette. Me må vera gode modellar for barna gjennom handling, språk, veremåtar og løysingar.

Det er trygt og godt for barn å ha leiande vaksne som har blikk for kvart barn, som er tydelege i kommunikasjonen og som kan utvikla barna si evne til å visa empati og samhandla med andre. Personalet skal hjelpa barna til å bli sjølvstendige og reflektera over eigne handlingar og haldningar gjennom ein autoritativ vaksenstil.

Suksessfaktorar:

- Personalet har kompetanse og erfaring med autoritativ vaksenstil og er kjende med aktivitetsplikta.
- Personalet skapar tryggleik og trivsel, og har nulltoleranse for mobbing og krenkingar.
- Personalet rettleier og hjelper barna til å vera i positiv samhandling med andre.
- Barn får høve til medverknad, slik at dei opplever å bli sette, høyrd og møtte – og at meiningane deira har betydning.



Fokusområde 4: Fysisk aktivitet og rørsleglede

Mål:

Alle barn skal oppleve glede, meistring, tilhøyrse og sosialt samvær gjennom fysisk aktivitet på SFO.

Vår SFO som arena for dette:

Fysisk aktivitet stimulerer utviklinga av motoriske ferdigheiter og kan bidra til livslang rørsleglede og god helse. Det kan òg ha stor tyding for både barn og vaksne si psykiske helse, mellom anna gjennom meistring og sjøltillit. Når me snakkar om aktive barn i SFO, tenkjer me på barn i rørsle som deltek i samspel og situasjonar. Dette skjer gjennom tilrettelagde aktivitetar og leikar, turar i nærmiljøet og i frileik ute og inne.

Me meiner det er viktig å inkludera alle ferdigheitsnivå i leiken, og at dei vaksne observerer heilskapen i aktivitet og leik for å skapa inkludering, motivasjon og inspirasjon.

Suksessfaktorar:

- Personalet har kompetanse innan idrett og friluftsliv.
- Personalet inspirerer og motiverer barna til fysisk aktivitet og rørsle.
- Personalet legg til rette for og motiverer til uteleik og aktivitetar.
- Personalet sørgjer for gjensidig respekt og forståing for ulike ferdigheitsnivå.



Tid for lesing i SFO

Lesing er meir enn bokstavar. Det er nærleik, undring, språk, fantasi og fellesskap. Å skapa rom for lystbetont lesing gir barna erfaringar som fremjar både språk, konsentrasjon og relasjonar – og det byggjer bru mellom skule og SFO. Me vil integrera lesing som ein trygg og triveleg aktivitet, både inne og ute – i kvardagen, på tur og i samlingsstunder.

Døme på tiltak:

- Vekevis lesestunder inne og/eller ute, felles bokprosjekt og temaveker, bokbingo og lesebok, samt involvering av barn som høgtlesarar.

Suksessfaktorar:

- Alle barn opplever lesing som noko positivt
- Dei vaksne er aktive formidlarar og gode rollemodellar
- Lesestunder er prega av ro, tilstadever og fleksibilitet

Kvalitetsutvikling



SFO skal vera eit inkluderande fellesskap og ein lærande organisasjon som jamleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin. Me har medvitne og systematiske tiltak som skal betra kvaliteten på tenestene som blir tilbydde i SFO. Det inneber mellom anna at me legg til rette for at heile personalet reflekterer over faglege og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanen sine verdier og innhald, og korleis me kan vera gode rollemodellar for barna. Me evaluerer, analyserer og forbetrar dei ulike sidene ved SFO for å sikra ei positiv og optimal oppleving for barna. Dei tilsette må arbeida ut frå at alle barn er ulike, og at barnets beste har avgjerande tyding for innhald og arbeidsmåtar. Det å vera lyttande og ta omsyn til barna si oppleving av fellesskapet er avgjerande for arbeidet med å utvikla kvaliteten i innhaldet og arbeidsmåtar.

I SFO-avdelingane i Sauda kommune er me opptekne av korleis me kan driva SFO på best mogleg måte. Det krev jamleg refleksjon over eigen praksis. Me har møter kvar veke der me planlegg og utviklar varierte og stimulerande aktivitetar som støttar barn si læring og utvikling. Det inneber òg refleksjon over innhald, arbeidsmåtar og evaluering. Ved kontinuerleg å evaluera og henta inn tilbakemeldingar kan me lettare identifisera område som kan forbetrast.

Det skal arbeidast systematisk med evaluering av kvaliteten i SFO for å sikra at tenesta blir levert i samsvar med fastsette standardar og mål. Verktøy som blir nytta er: **10-faktor**, brukarundersøking annakvart år for føresette med barn i SFO, barnesamtalar med alle barn på SFO og deltaking på foreldremøte éin gong i året. Det er viktig å sikra at personalet i SFO har nødvendig kompetanse og ferdigheiter for å handtera ulike situasjonar og støtta barna på ein god måte. Les meir om korleis skulane jobbar med kompetanseutvikling på Sauda kommune sine sider: *Barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling – Sauda kommune*.

Foreldresamarbeid som styrker kvaliteten

Kvalitetsutvikling er ein kontinuerleg prosess som krev engasjement frå alle involverte paratar. Me anerkjenner at føresette har ulike erfaringar og forventningar, og ønskjer eit samarbeid prega av openheit, tillit og respekt for mangfaldet. Føresette kan bidra til kvalitetsutvikling gjennom god dialog med personalet på SFO. Personalet er opptekne av føresette sine synspunkt, å gje informasjon om aktivitetar og samarbeida om barn si utvikling. Ta tidleg kontakt om det er noko de treng å vita, eller noko de ønskjer å fortelja. Det er viktig å møta opp på foreldremøte og ta opp ting som er viktige for dykk. Svara på brukarundersøkingar, også om de er nøgde med korleis barnet har det på SFO. Då får me vaksne eit godt grunnlag for å vita om me er på rett veg, eller om me må gjera endringar.

Samarbeid med føresette

Omsynet til barnets beste skal ligga til grunn når SFO samarbeider med føresette. SFO skal leggja til rette for god dialog og eit tillitsfullt samarbeid. Me skal gje foreldre informasjon om tilbodet, avklara gjensidige forventningar og leggja til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikla kvaliteten.

Foreldremøte:

Avdelingsleiar informerer om SFO på foreldremøte for 1. klasse både våren før skulestart og på hausten. 2. og 3. klasse får infoskriv.

SFO har ikkje utviklingssamtalar, men ta kontakt dersom de har behov for ein samtale, så set me av tid til det. Avdelingsleiar kan delta i skulen sine utviklingssamtalar dersom føresette ønskjer det. I samsvar med arbeidsmiljølova har personalet teieplikt.

SFO sender barn heim berre på heile og halve klokkeslett. Dersom me skal senda barn til parkeringsplass, besteforeldre osv., kan de ringa SFO eller senda melding/merknad i [Visma før kl. 12.30.](#)

Meldesystem / Visma skule



Sauda kommune nyttar appen **Visma skule føresett** som kommunikasjonsverktøy mellom føresette og SFO.

Føresette skal via Visma skule:

- Melda frå om ferie og sjukefråvær.
- Leggja inn påmelding til feriar der SFO er open.
- Vedlikehalda kontakt- og personopplysningar.
- Kommunisera med dei tilsette på SFO.
- Få informasjon frå SFO.

Samhandling skule–SFO

SFO er ein del av skulen sitt samla tilbod. Aktivitetar i skulen og i SFO skal saman skapa ein heilskap og ein god dag for barna. Det er viktig å oppretthalda god kommunikasjon og samarbeid mellom dei tilsette i skulen og i SFO for å sikra ei heilskapleg og koordinert tilnærming til barn si utvikling.

SFO skal bidra til å skapa ei trygg og god overgang frå barnehage til skule og SFO, i samarbeid med skulen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.

Overgang barnehage – SFO

SFO skal vera med på å skapa ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Avdelingsleiar deltek på overgangsmøte mellom barnehage og skule, og informerer føresette om SFO på foreldremøte både før og etter skulestart.

På våren sender barna på SFO brev til dei som skal byrja til hausten og inviterer til besøk. Dei nye 1. klassingane kan få tidleg start i SFO i august. Dette gjer at barna blir kjende med dei vaksne og andre barn, skulebygget, SFO-basen, uteområdet, reglar og rutinar før skulestart.

Samarbeid med andre instansar

Avdelingsleiar eller ein annan tilsett ved SFO kan delta på samarbeidsmøte som handlar om barn som går på SFO. Avdelingsleiar uttaler seg til barnevernet dersom det blir etterspurt.

BTI: Samarbeidet med dei ulike instansane skjer gjennom ein BTI-modell (*Betre tverrfagleg innsats*). BTI-rettleiar er Sauda kommune sin modell for tidleg og tverrfagleg innsats. Det er ein universell rettleiar som skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng. Les meir her: [Sauda – BTI – Bedre innsats for barn og unge i Sauda kommune](#)

SFO i skulen sine feriar

SFO er eit tilbod 11 månader i året. SFO held stengt fire veker i juli, i tillegg til julaften, nyttårsaftan, onsdag før skjærtorsdag og fem planleggingsdagar i året.

Dei som har plass i SFO får påmeldingslenkje i Visma god tid før ferien. Ferie-SFO har ein kostnad på 150 kr per påmelde dag.

Påmeldinga er bindande.

For barn som til vanleg ikkje har plass i SFO, kan det søkjast om SFO-plass i skulen sine feriar og fridagar. Det er òg mogleg å søkja plass enkeltdagar ved særlege behov. Sjå meir informasjon på Sauda kommune sine nettsider under SFO.

Utstyr

Alle skal ha nok skift og klede etter vêret heile året. Klede, sko og støvlar må vera merkte med namn.

*På SFO er det gøy å ha
velgeblomst, vi kan hvile, leke og
være ute.*

*Så trenger vi ikke være alene
hjemme.*

- jente 6 år

Fråvær, sjukdom og skade

Sjuka barn skal haldast heime. Heimen blir kontakta dersom sjukdom eller skade oppstår på SFO. SFO deler ikkje ut medisinar med mindre det er gjort avtale om dette. Avtale må gjerast med avdelingsleiar.

Måltid

SFO legg til rette for daglege måltid i trygge og hyggelege rammer. Det er lurt at barna har med eiga matboks heimanfrå, og me tilrår at innhaldet er tydeleg delt opp slik at barnet lett kan vita kva som skal sparast til ettermiddagen.

Gjennom veka legg me til rette for sunne og næringsrike måltid i tillegg til medbrakt mat. Kva dagar det blir servert varm eller tilberedt mat, varierer mellom dei ulike SFO-avdelingane.

Frå og med skuleåret 2025/2026 er det innført ein matkost på 150 kroner per måned. Dette bidreg til å dekkja utgifter til fellesmåltid og sikra eit sunt og godt mattilbod for barna.

Me legg vekt på matglede, fellesskap og gode vanar – måltida skal vera ein triveleg del av dagen på SFO.

Trygt og godt miljø på SFO

Trygt og godt på SFO handlar om korleis dei tilsette kan bidra til å sikra barna eit godt og trygt oppvekstmiljø, i nært samarbeid med andre sentrale aktørar som har ei rolle i barn sitt liv. SFO følgjer same handlingsretteleiar for trygt og godt miljø som barnehage og skule. Les rettleiaren her: *Rettleiar for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø – Sauda kommune.no*

Det er nulltoleranse for krenking og mobbing i SFO. Me arbeider førebyggjande og knyter arbeidet opp mot rammeplanen. Samanhengen mellom skule og SFO er avgjerande, og tiltak må gjerast på begge arenaer. Informasjonsflyt og kommunikasjon er viktig for å sikra at det blir trygt og godt å vera på SFO.

Det er alltid barnet si subjektive oppleving og kjensle som skal takast omsyn til.

Det er nulltoleranse for krenking og mobbing i SFO. Me arbeider førebyggjande og knyter arbeidet opp mot rammeplanen. Samanhengen mellom skule og SFO er avgjerande, og tiltak må gjerast på begge arenaer. Informasjonsflyt og kommunikasjon er viktig for å sikra at det blir trygt og godt å vera på SFO. Det er alltid barnet si subjektive oppleving og kjensle som skal takast omsyn til.

Risvoll skule, SFO

SFO ligg landleg til i Saudasjøen, med kort veg til natur, fjell, sjø og strand. SFO-en har eit baseområde med moglegheiter for formingsaktivitetar, lek og sosialt samspel. Me har òg eit eige kjøkken til måltid, dokkerom tilrettelagt for rolleleik, bibliotek, puterom og gymsal. SFO følgjer skulen sin visjon : «*Kunnskap gir trivsel*» – som ein heilskap mellom skule og SFO.



Årshjul Risvoll SFO 2026/27

Bemanning:

Solfrid Birkeland (Koordinator)

Grethe Espevik Svandal

Deborah Ljung

Tal på barn: 26 barn

MÅNAD	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
Aktivitetar	Bli kjende BlimeE-dans	Brannveke Bedriftsbesøk Hallo Venn Internasjonal dag Hallo Venn		Aktivitetsbord jul	Juleball Kino Besøke lego-Are Pynt Advents- kalender	Gymsal Bibliotek Karneval Valentinskort		Aktivitetsbord påske Aking	Gardsbesøk Rumpetroll Så frø	Merkedagar 17. mai	Tur i nærområdet Vannleik Verdas beste SFO-dag
Fokus- område	Omsorg og tryggleik - tilvenning	Brannvern	Skaparglede Gleding			Utforskar- glede	Mangfold og inkluderande fellesskap		Friluftsliv		
Mål	Gi nye elevar ein god og trygg oppstart på SFO. Trygge barna på reglar og rutinar i kvardagen på SFO slik at de opplever sjølvstende og meistringskjensle ved å ta vare på eigne eigendelar.	Lære rutinar ved brann. Gi gode råd og tips om brannssikkerleik.	Barna skal vere bevisst at dei har eit val. Læring av erfaring med å ta eigne val. «SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta veloverveide valg»	Lage til fysiske milje som støtter opp under barna si lyst til å leike, skape, utforske og meistre.	Gjere gode ting for andre. Ha respekt for ulikskap og skape perspektiv. Dele erfaringar.	Støtte og leggja til rette for barna sin naturlege lyst til å skape og vera kreative, engasjerte og utforskande.	Bidra til at barna møter og ser verdien av eit likestilt samfunn med rom for å bli sett og høyr.	Bidra til eit inkluderande fellesskap og skape engasjement rundt å det være kreativ.	Støtte barna i å utvikle naturglede og å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen.	Fremme Demokrati Bidra til et inkluderande fellesskap og skape engasjement. Barna skal erfare å ta ansvar for å inkludere nye barn i fellesskapet.	Barna skal utvikle koordinasjon og samarbeidsevner i leik. Barna skal oppleve fellesskap, glede og stoltheit over å vera ein del av SFO.
Kva skjer:	Oppstart Ferie SFO: 27.07.26 Skule og SFO-start 20.08.26	Brannvern veke 38 21. september – planleggingsdag. SFO er stengt	Hallo Venn Haustferie veke 41 Ferie-SFO 5.-9.10	Fredag 13.09 - planleggingsdag. SFO er stengt	Juleball Siste skuledag før jul 22.12 Juleferie: Ferie-SFO SFO open 23, 28, 29 og 30. desember	Skulestart 4. januar Måndag 18. januar – Planleggingsdag. SFO er stengt	Markere fastelavn/karneval Vinterferie veke 7 Ferie SFO: 15.-19.02	Påskeferie Ferie-SFO mandag 22.-24.03	Elevfri 30.04 Ferie-SFO 30.04 (skulen er stengt)	SFO stengt: 01.05, 06.05 Ferie-SFO 07.05 (skulen er stengt)	Verdens beste SFO- dag Siste skuledag 24.06 Ferie-SFO 25.06- 02.07. 05.07 – 30.07: SFO stengt

Året rundt jobbar kvar SFO med aktivitetar ut ifrå barnas interesser og ønsker. Samt våre fire fokusområde; SFO som arena for frileik, mat og måltidsglede, omsorg og tryggleik og fysisk aktivitet og rørsleglede

Fløgstad skule, SFO

SFO ligg i fine omgjevnader sentralt i Sauda. Fløgstad SFO har korte avstandar til både sentrum og flotte turområde – i skog, park og ved sjø. Denne SFO-en er delt i tre grupper. Skulefritidsordninga har klasserom, rom for rolleleik, formingsaktivitetar, lego, spel og avslapping. Me disponerer òg klasserom, sløydsal, gymsal og k jøkken til ulike aktivitetar og måltid. SFO følgjer skulen sin visjon: «*Meistring og meining*», som gir ein heilskap mellom skule og SFO.



Årshjul Fløgstad SFO 2026/27

Bemanning:

Elin Bakka Løland (koordinator)
 Hani Mohammad
 Liv Jorunn Bakkane Folgerø
 Hege Vatle
 Aud Klementsens
 Isha Ibrahim
 Nina Oppedal
 Hilde Vestbø
 Erica Johanne Waldemarsen

Tal på barn: 57 barn

MÅNAD	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
Aktivitetar	Små grupper med frileik og aktivitetar	Besøk av brannbil Brannvern-aktivitetar	Førebuing til haustfest	Julepynt/ Jule-førebuingar	Baking Høyre fin julemusikk Kvards- glede	Maling Islykter Utforske med snøen	Felles aktivitetar Pynte basane med farger	Lage påskepynt	Gardsbesøk Gå på tur	Glede nye 1. klassingar	Tur i nærområde Vannleik Verdens beste SFO - dag
Fokus-område	Omsorg og tryggleik - tilvenning	Brannvern	Skaparglede Gleding			Utforskar- glede	Mangfold og inkluderande fellesskap		Friluftsliv		
Mål	Gi nye elevar ein god og trygg oppstart på SFO. Trygge barna på reglar og rutinar i kvardagen på SFO slik at de opplever sjølvstende og meistringskjensl e ved å ta vare på eigne eigendelar.	Lære rutinar ved brann. Gi gode råd og tips om brannssikkerleik.	Barna skal vere bevisst at dei har eit val. Læring av erfaring med å ta eigne val. «SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta veloverveide valg»	Lage til fysiske miljø som støtter opp under barna si lyst til å leike, skape, utforske og meistre.	Ettertanke Gjere gode ting for andre. Ha respekt for ulikskap og skape perspektiv. Dele erfaringar.	Støtte og leggja til rette for barna sin naturlege lyst til å skape og vera kreative, engasjerte og utforskande.	Bidra til at barna møter og ser verdien av eit likestilt samfunn med rom for å bli sett og høyr.	Bidra til eit inkluderande fellesskap og skape engasjement rundt å det være kreativ.	Støtte barna i å utvikle naturglede og å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen.	Fremme Demokrati Bidra til et inkluderande fellesskap og skape engasjement. Barna skal erfare å ta ansvar for å inkludere nye barn i fellesskapet.	Barna skal utvikle koordinasjon og samarbeidsevner i leik. Barna skal oppleve fellesskap, glede og stoltheit over å vera ein del av SFO.
Kva skjer:	Oppstart Ferie SFO: 27.07.26 Skule og SFO-start 20.08.26	Brannvern uke 38 21. september – planleggingsdag. SFO er stengt	Høstfest Høstferie veke 41 Ferie-SFO 5.-9.10	Freidag 13.11 - planleggingsdag. SFO er stengt	Siste skuledag før jul 22.12 Juleferie: Ferie-SFO SFO open 23, 28, 29 og 30. desember	Skulestart 4. januar Måndag 18. januar – Planleggingsdag. SFO er stengt	Markere fastelavn/karneval Vinterferie veke 7 Ferie SFO: 15.-19.02	Påskeferie Ferie-SFO 22.-24.03	Elevfri 30.04 Ferie-SFO 30.04 (skulen er stengt)	SFO stengt: 01.05, 06.05 Ferie-SFO 07.05 (skulen er stengt)	Verdens beste SFO-dag Siste skuledag 24.06 Ferie-SFO 25.06-02.07. 05.07 – 30.07: SFO stengt

Året rundt jobbar kvar SFO med aktivitetar ut ifrå barnas interesser og ønsker. Samt våre fire fokusområde; SFO som arena for frileik, mat og måltidsglede, omsorg og tryggleik og fysisk aktivitet og rørsleglede

Austarheim skule, SFO

SFO ligg i eit vakkert område rett ved skogen og Lillebekk. Austarheim SFO har kort veg til både fjell, skog, elv og Andedammen. Inne har SFO ein eigen base med ulike soner for avslapping og formingsaktivitetar tilrettelagde for sosialt samspel. Me disponerer òg mediateket, kjøkken, stort dokkerom (rolleleik), barbirom, klasserom, sløydsal og gymsal når me deler i grupper og aktivitetar. SFO er delt i to grupper. SFO følgjer skulen sin visjon: «Ein god stad å vera er ein god stad å læra» – som ein heilskap mellom skule og SFO.



Årshjul Austarheim SFO 26/2027

MÅNED	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
Aktivitetar	Bli kjent med nye førsteklassingar og SFO Små grupper Rutinar og venskap	Besøk av Brannbil Brannvern-aktivitetar	Lage Halloween pynt Haust-aktivitetar	Matglede Advent Juleførebuigar	Matglede: baking Adventskalen der Nissefest	Akedag Bålkos Snøleik	Lage masker Valentinskort Fastelavn	Påske: karse Påske-aktivitetar: påskeeggjakt	Våraktivitetar Skrive brev til kommande førsteklassingar	Besøk av russen 17. mai-aktivitetar	Verdens beste SFO-dag: fotball-kamp Lage sommarpynt
Fokus-område	Bli kjent – Omsorg og tryggleik	Brannvern	Hausten Refleksbruk, Halloween og matglede		Jule-førebuingar	Utforskar/skaping-glede	Karneval/mangfald	Våren		Uteleik	
Mål	Gi nye elevar ein god og trygg oppstart på SFO. Skape venskap og gode opplevingar Få på plass gode rutinar	Lære rutinar ved brann og nød nummer. Gi gode råd og tips om brannskikerteik. Trygge barna på reglar og rutinar i kvardagen på SFO slik at dei opplever sjølvstende og meistring ved å ta vare på egne eigendelar.	Barna skal vera bevisste på at de har eit val. Læring av erfaring med å ta egne val. Barna skal få erfaringar med kvar maten kjem frå og korleis ein kan bruke naturen på ein berekraftig måte.	Støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Gi barna kjennskap til trafikksikkerleik og viktigheita av å vera forsiktig i mørket. Få barna til å bruke refleks.	Ettertanke og godheit Geere gode ting for andre. Ha respekt for ulikskap og skape perspektiv. Dele erfaringar.	Støtte og legge til rette for barna si naturlege lyst til å skape og vera kreative, engasjerte og utforskande.	Bidra til eit inkluderande fellesskap og skape engasjement. Bidra til at barna møter og ser verdien av eit likestilt samfunn med rom for å bli sett og høyr.	Støtte barna slik at de får skape sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykke seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert.	Bidra til ein god overgang frå barnehage til SFO Legge til rette for at leiken kan stimulere til venskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet	Dei skal oppmuntrast til å delta i fellesskapet. Fremma demokrati	Barna skal utvikle koordinasjon og samarbeidsevner i leik. Barna skal oppleve fellesskap, glede og stoltleik over å vera ein del av SFO.
Kva skjer:	Oppstart Ferie SFO: 27.07.26 Skule og SFO-start 20.08.26	Brannvern uke 38 21. september – planleggingsdag. SFO er stengt	Haukefest Høstferie-veke 41 Ferie-SFO 5.-9.10	Fredag 13.11 - planleggingsdag. SFO er stengt	Nissefest Siste skuledag før jul 22.12 Juleferie: Ferie-SFO SFO open 23, 28, 29, og 30. desember	Skulestart 4. januar Måndag 18. januar – Planleggingsdag. SFO er stengt	Markere fastelavn/karneval Vinterferie-veke 7 Ferie SFO: 15.-19.02	Påskeferie Ferie-SFO 22.-24.03	Eleivfri 30.04 Ferie-SFO 30.04 (skulen er stengt)	SFO stengt: 01.05, 06.05 Ferie-SFO 07.05 (skulen er stengt)	Verdens beste SFO-dag Siste skuledag 24.06 Ferie-SFO 25.06-02.07. 05.07 – 30.07: SFO stengt

Året rundt jobbar kvar SFO med aktivitetar utifrå barnas interesser og ønskjer, samt våre fire fokusområde; SFO som arena for frileik, mat og måltidsglede, Omsorg og tryggleik og Fysisk aktivitet og rørsleglede.

Bemanning:

Liv Toril Halland (Koordinator)

Ragnhild Fenne Birkelid

Birte Løland


Helen Johnsen Fløgstad

Ayfer Simsek

Tal på barn: 53 barn

Vår verktøykasse og verdier for praksis

Toleransevinduet



Mestringstrappa



Læringsgropa



Voksenstilene



Linker:

Les meir om tilbodet til SFO her; [SFO - Sauda kommune](#)

[Regelverk for skolefritidsordningen \(SFO\) \(udir.no\)](#)

[Rammeplan for SFO Nynorsk UU \(udir.no\)](#)

[Vedtekter for SFO i Sauda kommune - Sauda kommune](#)

[Sauda – BTI – Bedre innsats for barn og unge i Sauda kommune](#)

[Barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling - Sauda kommune](#)

[Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

[Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 13. Ansvar til kommunen, fylkeskommunen og staten - Lovdata](#)

[sauda.kommune.no/tjenester/barn-og-unge/grunnskule-og-sfo/ordensreglement-for-grunnskulane-i-sauda/](#)

[Rettleiar for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø - Sauda kommune](#)

[www.freepik.com](#)

